

Fra: Marthe Hammer (Marthe.Hammer@vlfk.no)

Sendt: 06.01.2021 09:22:43

Til: Politisk

Kopi:

Emne: Spørsmål fotgjengerovergang Øvre Kråkenes

Vedlegg:

Hei

Øvre Kråkenes på Bønes i Bergen er ein fylkesveg. Det har vore gjort utbetringar på vegen for kort tid sidan. Det gjeld både forsterkning/utskiftning av sperre mellom fotgjengerfelt på same side som husrekken 162-150, men også i samband med oppgradering av busshaldeplassar. I krysset ved Øvre Kråkenes 154 til 158 og tilsvarende avkjøring til Øvre Kråkenes 213 og 191 så er det eit stort ynske frå innbyggjarane å få til ein fotgjengerovergang. Dette er stedet born og vaksne som går til skulen og fotballbanen krysser vegen på. Det er veldig lang omveg å ikkje krysse vegen her, derfor vert det her ein krysser vegen. Sjølv om det er ein liten bakke ned til busslommen og det ikkje er tilrettelagt for det.

Bønes skule har implementert hjartesone, og det gjer at ein ikkje skal køyre barna til skulen meir, men at fleire skal sykle og gå. Da auker kryssinga av denne vegen. Øvre Kråkenes ligg i eit boligstrøk, men er samstundes ein relativt trafikkert gate, da det er bur fleire tusen i området. Kvifor har ein ikkje funne det naudsynt å lage ein fotgjengarovergang der? Som ein ser av kartutsnittet så er dette skulevegen for veldig mange barn. Bønesberget 1 er Bønes skule, med tilhøyrande fotballbane i forkant, og resultatet er at barn og vaksne krysser vegen i dette krysset utan fotgjengerfelt, utan varsel om at her er det barn som krysser vegen. I tillegg er det et oppgradert betongskille som skiller vegen og fotgjengerkrysset på andre siden som i realiteten betyr at barn ikke bare krysser vegen, men også må på hoppe/trø over betongskillet før de er trygt i fotgjengerkrysset.

Spørsmål til samferdsledirektøren:


Kvifor er det ikkje lagt ein fotgjengerovergang her?

Er det planar om å lage ein fotgjengerovergang her?

Kva må til for å få ein fotgjengerovergang her?

Kva er prisen for å lage ein fotgjengerovergang her?

Marthe Hammer (SV)



Med vennleg helsing

Marthe Hammer

Gruppeleiar for SV i Vestland Fylkesting

Nestleiar utval for samferdsle og mobilitet, og medlem av fylkesutvalet

Tlf: 97672203

